

Årsplan for SFO

Sandnes skule

Skuleåret 2019-20



Personale i SFO

Overordna pedagogisk og administrativt ansvar

Rektor	Dorte Rømsing
SFO ansvarleg	Anne Lise Tepstad Kvingedal
Fagarbeidar	Margrethe Nordland
Assistent	Anne Lise Tepstad Kvingedal Bente Kvinge Gry Helen Hope Kvingedal Signe Marit Bysheim Krossøy Ramia Merete Myhr Hope

Antal born i SFO.

Pr. 1. september har me 16 born på SFO, fulltid og deltid.

SKULEFRITIDSORDNINGA VED SANDNES SKULE 2019-20.

SFO ved Sandnes skule har base på rom 6 og er ope måndag til fredag, kl 07.15 – 08.10 og 13.45- 16.30.

Me legg vekt på :

- at skulefritidsordninga er eleven si fritid
- at borna som nyttar SFO-tilbodet skal oppleva at SFO er ein trygg plass å vera og at dei vert tekne godt vare på.
- at alle skal læra å respektere kvarandre og akseptere ulikskapar.
- å vise omsorg for kvarandre
- eit miljø med god omgangstone
- at kvart barn skal få utvikla sine evner og føresetnader.
- positiv aktivitet og leik

Praktisk informasjon:

Skuleferiar. SFO er open i alle skuleferiar. Me har stengt i ei veke om sommaren, og i 2020 blir det i veke 30

Dersom det er få born påmeldt samarbeider me med barnehagen og ein frå SFO personalet er med dei der.

Julafta og nyttårsafta er SFO stengt, og onsdagen før skjærtorsdag stenger me kl 12.00.

Påmeldingar til ferie og andre fridagar vert sendt heim med eleven med svarfrist i god tid før dei aktuelle fridagane.

Organisering:

Dette året er det 16 elevar som nyttar seg av SFO-tilbodet ved Sandnes skule.

SFO – ansvarleg er Anne Lise Tepstad Kvingedal i Margrethe Nordland sitt fråvær. Ho er på SFO alle dagar.

Merete Hope kjem att etter jul og er alle dagar på SFO.

Signe Marit Krossøy er på SFO om onsdagane.

Gry Helen er på SFO tre dagar.

Bente Kvinge er på SFO tre dagar.

Ramia er på SFO om fredagen.

Fråvere.

Det må alltid gjevast melding, anten skriftleg eller over telefon dersom ein elev ikkje skal vera på SFO. Born som er borte frå skulen pga sjukdom, kan ikkje vera i SFO.

Dersom barnet skal gå heim åleine skal SFO ha melding om dette og det er foreldra sitt ansvar at barnet kjem heim. Viss det er nokon andre enn foreldra som hentar, må det også gjevast melding om.

Innhald og aktivitetar

Innhaldet i tilbodet kan vere:

- frie eller styrte aktivitetar inne; td høgtlesing, spel, teikning, maling, lego e.l
- frie eller styrte aktivitetar ute; sandkassa, Tarzanbana, venedissa, aking, tur
- frie eller styrte aktivitetar i gymsalen; td stikkbball, dans og lagspel

Det vert sett oppslag på døra med informasjon til foreldre som skal hente kvar ein er.

Måltid og utstyr

Elevane har med mat, i form av matpakke. Me ynskjer ikkje at borna har med seg gryn. Onsdagane blir det laga eit måltid i form av brødmatt eller varm mat midt på dagen, ca kl. 10.30. Men det er viktig at barna har med seg mat til resten av dagen.

Planleggingsdagar 2019 - 2020

SFO følgjer skuleruta og er då stengt på planleggingsdagar.

Dette skuleåret er SFO stengt:

14., 15. og 16.august 2019

8. november 2019

31. januar 2020

1. mai 2020

21. mai 2020

Skulen sine feriar

Det vert gjeve tilbod om SFO i skulen sine feriar. Det vert føreteke kartlegging av behov for SFO i skulen sine feriar. Dersom ein vil nytta seg av SFO-tilbodet i skulen sine feriar, må ein betala ekstra for dei timane som kjem i tillegg til det ordinære tilbodet.

- Haustferie i veke 41: 7. til 11. oktober 2019
- Juleferie 24.desember. – 1. januar 2019/20
- Vinterferie i veke 9: 24. februar – 28. februar 2020
- Påskeferie 6. april til 13. april 2020
- Sommarferie frå måndag 22. juni 2020 (Sommarstenging i veke 30)

Teieplikt.

Personalet har teieplikt etter forvaltningslova §13.

Kontaktinformasjon:

Namn	Tlf	Epost
Anne Lise Tepstad Kvingedal	98804050	Anne-lise.t_.kvingedal@masfjorden.kommune.no
Merete Myhr Hope	41444045	Merete.myhr.hope@masfjorden.kommune.no
Margrethe Nordland	92662623	margrethe.nordland@masfjorden.kommune.no
Signe Marit Krossøy	90892368	Signe.marit.krossoy@masfjorden.kommune.no
Gry Helen Hope Kvingedal	92269178	Gry.helen.hope.kvingedal@masfjorden.kommune.no
Bente Kvinge	97064378	

Sandnes skule 03.09.18

Dorte Rømsing
Rektor

Anne Lise Tepstad Kvingedal
SFO-leiar

Vedlegg
Skulefritidsordninga- gjeldande vedtekter for SFO i Masfjorden kommune

Vedlegg:

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I MASFJORDEN KOMMUNE

§1 Grunnlaget for SFO

Vedtektene for SFO i Masfjorden byggjer på Opplæringslova § 13-7:

”Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4 årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Areala, både ute og inne skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

a eigarforhold

b kven som er opptaksmyndigheit

c opptakskriterium

d opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen

e foreldrebetaling

f leike- og opphaldsareal

g dagleg opphaldstid og årleg opningstid

h bemanning og leiing

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vera leiar.

Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Regelen i §10-9 første og tredje ledd gjeld for tilsetjing i skolefritidsordninga.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om

skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.”

§2 Eigartilhøve og styre

- a) Masfjorden kommune står som eigar og driv SFO i dei tre oppvekstområda:
Indre Masfjorden på Matre skule
Nordbygda på Nordbygda skule
Sørsida på Sandnes skule
- b) Kommunestyret er øvste styre for skulefritidsordninga og godkjenner vedtektene
- c) Samarbeidsutvalet er styre for ordninga på den einskilde skulen
- d) SFO-ansvarleg og ein foreldrerepresentant vald av foreldremøtet i SFO har møte- og røysterett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO.

§3 Opptaksmyndigheit

- a) Kommunestyret vedtek kriterium for opptak av born i SFO.
- b) Rektor er opptaksmyndigheit i SFO
- c) Formannskapet er klageinstans

§ 4 Opptakskriterium

- a) SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4. klasse (1.-7. klasse for born med særskilte behov). Ved opptak til SFO fylgjer ein same opptakskriterium som for dei kommunale barnehagane.
- b) Kriteria for inntak i prioritert rekkefylgje.
 - 1 Funksjonshemma born som kan ha nytte av SFO-tilbodet. Dette må vera skriftleg dokumentert av lege, helsesyster eller PPT.
 - 2 Born med tilråding frå lege, helsesyster, PPT eller barnevern
Tilrådinga må vera skriftleg dokumentert.
 - 3 Sysken til born som har plass, busette i Masfjorden
 - 4 Born av åleineforeldre
 - 5 Alle andre søkjarar busette i Masfjorden kommune. Søkjarar under dette punktet vert prioritert slik at den som er eldst, går føre.
 - 6 Born av foreldre som begge er i inntektsgevande arbeid, har lovfesta permisjon eller tar utdanning.
 - 7 Søkjarar som har levert søknad etter fristen

Søkjarar frå andre kommunar kan få plass for eit år om gongen dersom det er ledige plassar og ingen ventelister etter hovudopptak.

- c) Søknad om opptak føregår slik:
Ein søker på fastsett skjema
Søknaden vert sendt til Masfjorden kommune. Når søknadsfristen er ute, vert søknadene samla oversende til rektor. Samstundes får søkeren melding om at søknaden er motteken.
Rektor tek seg av opptaket. Opptaket bør vera gjennomført innan 15. april.
Hovudopptaket vert gjort for perioden som følgjer skuleåret.
Det er 3 veker frist på å seia frå om ein tek i mot plassen. Tilbakemeldinga skal vera skriftleg.
Dersom det er ledige plassar, kan søkerar bli tekne opp i løpet av skuleåret.
Når ein får plass i SFO, har ein denne plassen til ein seier opp eller er ferdig med småskulen.

§ 5 Klage på opptak

- a) Formannskapet er klageinstans ved opptak
- b) Klagefristen er 3 veker etter ein har teke i mot meldinga om opptak

§ 6 Oppseiing av plass i SFO

- a) Frist for å seia opp plassen er den 1. i kvar måned. Oppseiingsfristen er 3 månader. Ein kan ikkje seia opp plassen etter 1. april.
- b) Oppseiinga skal skje skriftleg.
- c) Det er høve til å redusera oppseiingstida på tre månader dersom det er venteliste på plass i SFO.
- d) Fristen kan også fråvikast ved særskilde grunnar. Særskilde grunnar er dersom barnet er heilt avskore frå å nytta plassen, t.d. flytting, sjukdom over 1 måned osv.

§ 7 Foreldrebetaling

- a) Kommunestyret fastset foreldrebetalinga
- b) Kommunen ved rådmannen står for innkrevjinga
- c) Krav om foreldrebetaling vert sendt med 14 dagars betalingsfrist, seinast 20. i kvar måned.
- d) Ein betaler for 11 månader (juli er betalingsfri)
- e) Når ein nyttar SFO i skulen sine feriar, vert betaling rekna for 9 timar pr. dag.
- f) Når ein har ledige plassar, kan ein gje barn dagopphald. Betalinga vert rekna pr. time opphaldet varer, i tråd med alternativa i søknadsskjemaet.
- g) Masfjorden kommune ved rådmannen kan seia opp SFO-plassen dersom ikkje foreldrebetalinga kjem inn i rett tid. Varsel om oppseiing av kontrakten vert sendt ut saman med inkassovarsel, og oppseiinga vert send når saka går til inkasso. Oppseiingstida vil vera 1 måned.

§ 8 Straffegebyr

- a) Masfjorden kommune ved rådmannen kan ilegga foreldra eit straffegebyr når borna ikkje vert henta innan stengetid. Gebyret vert ilagt pr. påbegynt halvtime og vert fakturert saman med den ordinære betalinga. Gebyret vert justert saman med den ordinære betalingsatsen.

§ 9 Leike- og opphaldsareal

- a) SFO nyttar lokale og uteområde på skulen. På tider det er få born i SFO, samarbeider ein med barnehagen og kan nytta barnehagen sine ute- og inneareal.
- b) SFO skal ha fast base på skulen, og kan i tillegg nytta skulen sine spesialrom og andre ledige lokale etter behov.
- c) Skulen og SFO finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

§ 10 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

- a) SFO gjev tilbod som fylgjer barnehageåret 15. august til 14. august. SFO er stengd på skulen sine planleggingsdagar slik det går fram av den årlege skuleruta.
- b) På dagar når barnet går på skulen, gjev SFO eit tilbod før og etter skuletid. På skulefrie dagar er SFO open frå 07.15 til 16.30.

§ 11 Bemanning og leing

- a) Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret
- b) Til ei kvar tid er det på kvar skule tilsett ein som SFO-ansvarleg
- c) SFO nyttar skulen sitt merkantile personale til kontorteknisk arbeid
- d) Bemanningsnorma er 1 vaksen pr. 12 born i SFO
- e) Born med spesielle behov utløyser ekstra bemanning

§ 12 Teieplikt

Tilsette i SFO er bundne av teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

§ 13 Internkontroll

SFO fylgjer kommunen sitt internkontrollsystem som ein del av skulen eller barnehagen si drift. Lokale og uteområde skal godkjennast av miljøretta helsevern.

§ 14 Forsikring

SFO/kommunen må syta for at borna er forsikra i dei tilfelle då dei ikkje er dekkja av Folketrygdlova.